



Fylkesmannen i Hordaland

Referanser:

Dykkar: Robøle, Anne Grete
Vår: 17/2347 - 17/29952

Saksbehandlar:

Terese Folgerø
terese.folgero@lindas.kommune.no

Dato:

18.10.2017

Opplysningar i samband med tilsyn

I samband med tilsyn ved Nordhordland legevakt, har Fylkesmannen bedt om opplysningar om korleis Lindås kommune har organisert daglegevakt, og om «korleis daglegevakt blir involvert i øvingar og deltek i samtrening, og korleis samarbeidet med Nordhordland legevakt er på dagtid»

Organisering

Nordhordland legevakt er ein avdeling i Lindås kommune. Legevaktsjef rapporterer direkte til rådmannen i Lindås kommune.

Daglegevakt i Lindås kommune

Lindås kommune sin kommunale legevaktordning består av legevaktsentral, eitt fast legevaktnummer 116 117, og legar i vaktberedskap. Desse funksjonane er lagt til ein fast legevaktstasjon i Knarvik; Nordhordland legevakt. Nordhordland legevakt (NLV) er Lindås kommune sin legevaktordning gjennom heile døgnet, heile året.

Ansvars- og oppgåvefordeling mellom daglegevakt og fastlegar

For å redusere risiko for misforståing om ansvar for augeblikkeleg hjelp mellom fastlegar og daglegevakt ved NLV, blei det utforma eit skriv i 2009, sjå vedlegg. Det kom der fram kven som hadde ansvaret for ulike pasientgrupper i ulike situasjonar, og det var m.a. klart at NLV hadde ansvaret for utrykking på raud respons. Etter dette har det blitt fleire legar på NLV på dagtid, og legevakta har fått fleire oppgåver, m.a. augeblikkeleg hjelp døgnplassar.

Ved innføring av naudnett fikk alle legekontora utplassert naudnettradio, sjølv om fastlegane ikkje er ein del av kommunen sin organiserte legevakt på dagtid. Dersom legevakta treng assistanse frå fastlegane, kan alle legekontora kontaktas på naudnettradioen. Dette kan vere situasjonar med «raud respons» der fastlegen vil kunne komme raskare til i ein kritisk situasjon, eller det kan vere større hendingar der ein treng å mobilisere fleire legar.

Som «Akuttmedisinforskriften med kommentarer til enkelte bestemmelser: Rundskriv I-5/15» peiker på, er det ein risiko knytt til «uklarhet om ansvaret på dagtid, fordi fastlegene har ansvar for øyeblikkelig hjelptilbudet til sine egne listeinnbyggere i kontortiden» (merknad til § 6 «Kommunens ansvar for kommunal legevaktordning»). Gjennom våren 2017 har Lindås kommune hatt ein gjennomgang med alle fastlegekontora om fastlegane sitt ansvar for augeblikkeleg hjelp til eigne listeinnbyggjarar i eigen opningstid, og korleis ein kan unngå misforståingar om ansvaret for augeblikkeleg hjelp på dagtid. Kort summert er det gjort følgjande avklaring:

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Nordhordland legevakt (NLV) er Lindås kommune si einaste ordning for daglegevakt.

- Angående utrykking
 - NLV blir oppkalla frå AMK på naudnett, og har ansvaret for all utrykking i kommunen (det vil si: lege frå NLV skal sjølv rykke ut når lege skal ut).
 - NLV kan be om assistanse frå det nærmaste legekantoret, dersom det er vurdert å ha gevinst for pasienten/situasjonen. Fastlege skal ikkje rykke ut i staden for legevaktlege, men eventuelt i tillegg. Det er legevakta sjølv som vurderer om dei vil ta kontakt med legekantoret.
 - Fastlegekantora er tilgjengeleg på naudnett for legevakta, men blir ikkje oppkalla direkte frå AMK.
- Ansvar for og samarbeid om pasientar som henvender seg
 - NLV har ansvar for augeblikkeleg hjelp på dagtid til pasientar som oppheld seg i Lindås kommune og som ikkje har fastlege i kommunen.
 - Fastlegane har ansvaret for augeblikkeleg hjelp til sine listepasientar, men nokon vil likevel oppsøke legevakta.
 - Dersom NLV blir kontakta av ein pasient som legevakta meiner heller bør få konsultasjon hos fastlegen same dag, må legevakta ta kontakt med fastlegen /kantoret og sikre at pasienten får ein avtale.
 - Fastlegekantora tar kontakt med NLV på telefon dersom det er vurdert at det er behov for time på dagen og kantoret ikkje har kapasitet til å ta inn pasienten.
 - NLV tar imot henvendinger om augeblikkeleg hjelp frå fastleger sine listepasientar ved fråvere på legekantora. Legekantora varslar NLV på førehand

Fastlegen har også plikt etter helsepersonelloven § 7 til å yte augeblikkeleg hjelp «når det antas at hjelpen er påtrengande nødvendig». Denne plikten er ikkje avgrensa til fastlegen sine eigne listeinnbyggjarar.

Med helsing

Terese Folgerø
kommuneoverlege

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland